



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Formannskapet
Møtedato:	23.04.2026
Møtetid:	09:00 - -14:30
Møtestad:	Kommunehuset, Sætremarka 2, Møterom Børilden

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Morten Sognnes	ordfører	H	
Per Lerøy	varaordfører	AP	
Hege Ramsland	medlem	H	
Ann Kristin Leirvåg	medlem	AP	
Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn	medlem	SP	

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Ketil Tjore	møtesekretær
Bjarte Rosenlund	kommunalsjef
Britt Mary Skaalevik Lerøy	kommunedirektør
Ronja Tvedt Nordanger	sakshandsamar
Christopher Marius Straumøy	jurist
Trine Merete Jansen	kommunalsjef
Odd Harald Dommersnes	økonomi- og HR sjef
Jill Iren Kaland	økonomirådgjevar

Møteprotokollen vert publisert på kommunen si nettside. Den er mellombels godkjent av utvalsleiar eller ordfører i etterkant av møtet, og vert endeleg godkjent i neste møte.

Ketil Tjore

Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel	Unntak frå innsyn
PS 28/2026	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 29/2026	Godkjenning av møteprotokoll frå 18. mars 2026	
PS 30/2026	Referatsaker - formannskapet 23. april	
RS 7/2026	Svar på spørsmål - prosjektet vatn til Førland	
RS 8/2026	Skatteinngang til og med mars 2026	
PS 31/2026	Delegerte vedtak formannskapet - med journaldato 11.03.2026 til 15.04.2026	
OS 7/2026	Orienteringar frå kommunedirektøren - formannskapet 23. april 2026	
OS 8/2026	Førebels status for evaluering av Levekårsutvalet og andre utval	
OS 9/2026	Økonomirapportering mars 2026	
OS 10/2026	Orientering Solend / Førland prosjekt VA og trafikksikring	
PS 32/2026	Klage på løyve til riving av garasje og oppføring av ny garasje på gbnr. 131/118 - Fønnes	
PS 33/2026	Dispensasjon for oppføring av basestasjon for mobile kommunikasjonstenestar på gbnr. 161/12 - Øksnes	

PS 28/2026 Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjent.

Sak 28/2026 Godkjenning av innkalling og sakliste
Formannskapet - 23.04.2026

Handsaming:

Det kom innspel frå medlemmer i formannskapet om å ta opp saker i møtet:

- Per Lerøy (Ap) ønskte å ta opp ei sak om AVS
- Ann Kristin Leirvåg ønskte å ta opp ei sak om Aufera
- Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) ønskte å ta opp ei sak om gjennomføring av politirådsmøte, og ei sak om NGIR

Formannskapet sa ja til å ta opp desse sakene på tampen av møtet.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 28/2026 Godkjenning av innkalling og sakliste
Formannskapet - 23.04.2026

Innkalling og sakliste vart godkjent.

PS 29/2026 Godkjenning av møteprotokoll frå 18. mars 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Møteprotokollen frå 18. mars blir godkjent.

Sak 29/2026 Godkjenning av møteprotokoll frå 18. mars 2026
Formannskapet - 23.04.2026

Handsaming:

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 29/2026 Godkjenning av møteprotokoll frå 18. mars 2026
Formannskapet - 23.04.2026

Møteprotokollen frå 18. mars blei godkjent.

PS 30/2026 Referatsaker - formannskapet 23. april

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Formannskapet tek referatsakene til vitande.

Sak 30/2026 Referatsaker - formannskapet 23. april
Formannskapet - 23.04.2026

Handsaming:

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 30/2026 Referatsaker - formannskapet 23. april

Formannskapet - 23.04.2026

Formannskapet tok referatsakene til vitande

RS 7/2026 Svar på spørsmål - prosjektet vatn til Førland

RS 8/2026 Skatteinngang til og med mars 2026

PS 31/2026 Delegerte vedtak formannskapet - med journaldato
11.03.2026 til 15.04.2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Formannskapet tar dei delegerte vedtaka til vitande.

Sak 31/2026 Delegerte vedtak formannskapet - med journaldato 11.03.2026 til
15.04.2026
Formannskapet - 23.04.2026

Handsaming:

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 31/2026 Delegerte vedtak formannskapet - med journaldato 11.03.2026 til
15.04.2026
Formannskapet - 23.04.2026

Formannskapet tok dei delegerte vedtaka til vitande.

OS 7/2026 Orienteringar frå kommunedirektøren - formannskapet 23.
april 2026

Sak 7/2026 Orienteringar frå kommunedirektøren - formannskapet 23. april 2026
Formannskapet - 23.04.2026

Handsaming:

Orienteringssaker ved kommunedirektøren:

- Status omstilling/nedbemanning
 - Kommunedirektør Britt Skaalevik Lerøy orienterte om arbeidet, er no inne i fase 2 der ein ser på arbeidsområda. Målet at prosessen med nedbemanning er klar før sommaren. Status no er at det er såpass mange vakante stillingar at nedtrekket i tal stillingar allereie er om lag nådd.
 - Prosessen har drege ut i tid, men det har vore naudsynt å bruka noko tid. Bemanningsplanane er no drøfta med dei tillitsvalde og vedteke i Arbeidsmiljøutvalet med dei tillitsvalde og hovudverneombod.
 - Ann Kristin Leirvåg (Ap) spurte om medverknad frå verneombod og plasstillitsvalde, her svara kommunedirektør Lerøy at dette er noko som det vert jobba med.
- Læringspunkt prosjektstyring (i etterkant av prosjekt med VA Solend – Førland)
 - Christopher Marius Straumøy (jurist) orienterte om saka, jamfør eigen presentasjon som ligg ved. Det er ein del læringspunkt i denne saka:
 - Kvifor var det berre bedt om pris frå tre verksemdar?
 - Burde det vore gjort eit betre forarbeid for det strekket der ein ikkje kjente grunntilhøva?
 - Har ikkje hatt eit øvre kostnadstak, i dette er det ei anerkjenning av at ein ikkje har visst prisen
 - Prosjektet har blitt utvida undervegs, mellom anna på grunn av nye krav frå fylkeskommunen, og grunntilhøve på staden.
 - Per Lerøy (Ap) viste til at kommunestyret eigentleg sa ja til 2,2 millionar i kostnad, og etter dette har ikkje formannskapet blitt oppdatert om utviklinga og auken i kostnader. Meiner det er heilt OK å la utførande prosjektera, men det krev at det er eit tett prosess med godkjenning av prosjekteringa undervegs.
 - Straumøy viste til at usikkerheiten i dette prosjektet var veldig stor når 600 meter av strekket hadde ukjente grunntilhøve. Læringa er her at ein ved neste høve kanskje må gjera noko for å få eit spissare estimat om kostnader, og få fram tal som er meir nøyaktige.

- Per Lerøy (Ap) viste til at bestillinga til administrasjonen var vatn til Førland, det var administrasjonen som kom tilbake med at det var best å laga eit prosjekt med VA og fortau/veglys i samarbeid med fylkeskommunen. Sa ja til dette med ein totalkostnad på maksimalt 3,1 millionar kroner, men det vart meir. Samstundes så vil ein etter kvart ha løyst framføring av drikkevatn til ein ny del av kommunen, slik at det berre er Litlelindås og Njøta som står igjen. Framføring av drikkevatn er ei viktig oppgåve for kommunen.
 - Straumøy viste til at dersom ein skal stoppa eit prosjekt undervegs, må dette vera veldig tydeleg kunngjort på førehand før inngåing av kontrakt.
 - Kommunalsjef Bjarte Rosenlund viste til at når det ikkje er gjort prosjektering, så veit ein ikkje sikkert kva prisen vert.
- Per Lerøy (Ap) sa at den som utfører burde ha komme tilbake med ein detaljert sum etter at dei hadde gjort sine undersøkingar, med moglegheit for å seia nei til prosjektet.
- Morten Sognnes (H) sa at det er viktig at endringar vert dokumenterte gjennom klare endringsordrar, og at referat frå byggemøte vert godkjente av begge partar og at denne dokumentasjonen vert arkivert for ev. bruk ved seinare høve, som til dømes tvistemål.
- Ann Kristin Leirvåg (Ap) sa at hennar oppfatting var at dette prosjektet skulle komma tilbake til politisk etter prosjektering før ein sa endeleg ja. Per Lerøy støtta denne oppfattinga og sa at det er noko ein må læra av i framtida.
- Per Lerøy (Ap) sa at dersom ein hadde kjent prisen ville ein ikkje bygd dette fortauet, for trafikkiseringa sin del ville ein ha starta i andre deler av kommunen. Må ha tydelege punkt for når ein kan seia nei til å vidare.
- Kommunedirektør Britt Lerøy sa at det er nettopp for å få læringspunkt at ein har bedt Straumøy sjå på dette med eit blikk utanfrå. Må diskutera dette vidare med administrasjonen, og saman med politikarane oppdatera reglementet for prosjektstyring, inkludert også ei oppdatering av kommunikasjon med entreprenør om framtid og kostnader. Det nye utkastet til prosjektreglement skal sendast ut på høyring.
- Per Lerøy etterlyste at det går referat frå byggemøte til både administrasjonen men også til formannskapet som økonomiutval.
- Morten Sognnes (H) viste til at dette samstundes har blitt eit bra prosjekt, som også er ein god start på ein ringvassleidning i kommunen.
- Per Lerøy (Ap) spurte om revisjonen vil godkjenna at det er investeringar når kommunen bygger ut langs fylkesveg, eller om det må vera driftsutgifter.

- Skisseprosjekt for nytt helse- og omsorgstun. Johan Löfstedt frå Sweco orienterte, jamfør rapporten frå Sweco som låg ved innkallinga.
 - Morten Sognnes (H) sa at det er gjort ei godt arbeid med skisserapporten, som grunnlag for kommunestyret si avgjerd om vegen vidare.
 - Per Lerøy (Ap) spurte om vektlegginga av utbygging av myr, meiner det ikkje er naudsynt å tenka så mykje på dette ettersom direktivet som legg føringar på nedbygging av myr enno er eit stykke unna å bli norsk lov. Meiner plasseringa ved Austrheimhallen kan løysast utan store inngrep i myr. Skisseprosjektet elles kan brukast vidare på ein god måte, også i samband med samarbeid med Allstad eller Coop og deira idear om omsorgsbustader.
 - Formannskapet diskuterte litt kring kva som er reell kostnad utifrå anslaget, MVA blir returnert, og så er det ei finansiering til sjukeheims plassar med 55 prosent innafor ei gitt grense.
 - Kommunedirektør Britt Skaalevik Lerøy viste til at det har vore møte med Husbanken slik at det er gitt nokre svar om støtte derifrå.
 - Kommunalsjef Bjarte Rosenlund sa at det først kjem ei sak der ein svarar på bestillinga frå kommunestyret, deretter ei sak om mogleg tilbod frå Allstad eller Coop, og så ei sak om kva som er mogleg å få av tilskot og refusjonar.
 - Morten Sognnes (H) ba om at ein etter kvart må få opp eit prosjekt som tek omsyn til kva kommunen har råd til å finansiera. Formannskapet var samd i dette som ei bestilling til kommunedirektør.
 - Terje Håland (Ap) fekk ordet som leiar av Levekårsutvalet, og viste til det vedtaket som dei som styringsgruppe har gjort i denne saka, i møtet 26. mars 2026:
 - "Levekårsutvalet tek orienteringa frå Sweco til vitande og ber om følgjande punkt vert teke med i utgreiinga til saka som skal opp seinare i vår:
 1. Økonomisk oppstilling, der kostnadene er delt opp slik at det viser tilskot og reelle kostnader for kommunen.
 2. Orientering om prosjektet til Allstad.
 3. Orientering om prosjektet til Coop/Boligsenteret
 4. Uttale frå heimetenesta om korleis statusen og behovet for omsorgsbustader er no. "
- Saker som medlemmer i formannskapet tok opp i møtet:
 - Per Lerøy (Ap) orienterte om arbeidet med å unngå endringar i klassetilbodet ved Austrheim vidaregåande, der administrasjonen i fylket innstiller på å leggja ned studiespesialiserande VG1. Ap har følgd dette opp mot sine representantar til utval for opplæring og kompetanse. Oppmoda andre i formannskapet til å spela inn søkartala til sine folkevalde på fylket til

studiespesialiserande VG1, med 9 med dette som førsteval og 19 med dette som andreval.

- Ann Kristin Leirvåg viste til at det i Alver kommune vert jobba med ei mogleg samanslåing av Knarvik Industri og Miljø (KiM) og Gløde, mellom anna på bakgrunn av nye krav til kvalifikasjonar for dei som jobbar i administrasjonen. Spørsmålet er om Aufera bør vera med i same samanslåing. Ikkje ei samanslåing av lokalitetar, berre sikra at administrasjonen har tilstrekkelege kvalifikasjonar. Kommunedirektøren skal undersøka dette vidare.
- Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) etterlyste at det vart avvikla møte i politiråd. Kommunedirektøren skal undersøka dette vidare.
- Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) spurte om situasjonen kring NGIR, der enkelte folkevalde i Alver kommune har peika på at kostnader er jamt fordelt sjølv om kostnaden er ulik mellom kommunane.

Ordførar Morten Sognes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 7/2026 Orienteringar frå kommunedirektøren - formannskapet 23. april 2026

Formannskapet - 23.04.2026

Formannskapet tek orienteringane til vitande.

OS 8/2026 Førebels status for evaluering av Levekårsutvalet og andre utval

Sak 8/2026 Førebels status for evaluering av Levekårsutvalet og andre utval
Formannskapet - 23.04.2026

Handsaming:

Kommunedirektør Britt Skaalevik Lerøy ba om at administrasjonen og formannskapet gjer ei evaluering av Levekårsutvalet.

Lerøy vil senda ut til formannskapet stikkord for innspel til dette, og samla frå administrasjonen, for å få opp dette til ei sak i det neste formannskapet torsdag 4. juni.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt nye framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 8/2026 Førebels status for evaluering av Levekårsutvalet og andre utval
Formannskapet - 23.04.2026

Formannskapet tar orienteringa til vitande.

OS 9/2026 Økonomirapportering mars 2026

Sak 9/2026 Økonomirapportering mars 2026
Formannskapet - 23.04.2026

Handsaming:

Økonomi- og HR-sjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

- Dommersnes viste til sjukefråværet, og spurte om ein skal dra i gang igjen nærværprosjektet. Per Lerøy (Ap) sa at det er ei nøkkeloppgåve for kommunedirektøren å jobba for eit lågt sjukefråvær
- Dommersnes oppfordra til å undersøka om ein får løyve til å låna pengar til omsorgstun.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 9/2026 Økonomirapportering mars 2026
Formannskapet - 23.04.2026

Formannskapet tok orienteringa til vitande.

OS 10/2026 Orientering Solend / Førland prosjekt VA og trafikksikring

Sak 10/2026 Orientering Solend / Førland prosjekt VA og trafikksikring

Formannskapet - 23.04.2026

Handsaming:

Kommunalsjef Bjarte Rosenlund gjorde greie for saka, jamfør saksutgreiinga.

Rosenlund sa at kommunikasjonen i prosjektet nok kunne vore betre, det har blitt kommunisert mykje undervegs, men kunne vore meir informasjon.

Kommunalsjef Rosenlund viste skisse over areal for asfaltering i nærleiken av Solend-krysset i samband med dette prosjektet, og ba om støtte til å ta med asfaltering av dette strekket inn i prosjektet, for 200.000 kroner. Dette fekk støtte av formannskapet

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 10/2026 Orientering Solend / Førland prosjekt VA og trafikksikring

Formannskapet - 23.04.2026

Formannskapet tok orienteringa om prosjektet Solend–Førland til orientering.

PS 32/2026 Klage på løyve til riving av garasje og oppføring av ny garasje på gbnr. 131/118 - Fonnes

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet i Austrheim kommune tek ikkje klagen til følgje.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreinga.

Vedtaket er heimla i forvaltningslova § 33.

Saka vert sendt til Statsforvalteren for endeleg avgjerd, jf. plan- og bygningslova § 1-9

Sak 32/2026 Klage på løyve til riving av garasje og oppføring av ny garasje på gbnr.

131/118 - Fonnes

Formannskapet - 23.04.2026

Handsaming:

Sakshandsamar Ronja Tvedt Nordanger orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

- Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) sa at dersom ein skal redusera dagens faktiske bruk av eigedommane, ved å trekka dei vekk frå vegen til det som er reell grense, så må administrasjonen komma tilbake med ei sak som angår heile rekkja langs Vardevegen, og ikkje berre denne eine eigdommen.
- Per Lerøy (Ap) varsla at han ville ha eit anna framlegg til vedtak, som seier at ein skal justera grensene for eigedommane fram mot vegen det som er faktisk i dag. Lerøy viste til andre stader i området der kommunen har eigd areal som ikkje er stelt. Kan heller justera grenser slik at det blir slik det er i dag. Kan selja som ein symbolsk sum, til dømes ei krone kvadratmeteren.
- Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) sa at då må ein endra reguleringsplanen, dersom ein skal overføre grunn frå kommunen.
- Morten Sognnes (H) sa at bruken av arealet kan vera som i dag. Alle veit at det er kommunen som eig arealet, og om kommunen har bruk for å grava her seinare så har kommune krav på gjera dette. Meiner at dersom ein skal ta ein eigedom så må ein ta alle, og det vil skapa eit lurveleven.
- Ann-Kristin Leirvåg (Ap) sa at det eventuelt må gjerast avtale både for denne eigdommen og dei andre, slik at det er i ordna former.
- Kommunaldirektør Britt Skaalevik Lerøy sa at dette også handlar om at må endra den gjeldande reguleringsplanen.
- Jurist Christopher Straumøy sa at det å gje vekk eigedom ikkje endrar reguleringsplanen. Straumøy viste til at vilkåret frå kommunen er lovleg stilt, er i samband med tiltaket og ikkje er urimeleg stilt. Om eit tar vekk dette vilkåret, så kan kommunen framleis følgja dette opp seinare med ulovlegheitsoppfølging eller privatrettsleg om at det er gjort tiltak på kommunal grunn. Om ein vil endra saka kan ein eventuelt senda denne saka tilbake til kommunedirektøren. Her er det element ein må tenka grundig gjennom, det kan skapa presedens andre stader der ein har liknande situasjonar. Det kan leggest inn ulike vilkår i ei slik sak.
- Hege Ramsland (H) sa at det eventuelt må gjerast likt for alle, om det først skal gjerast noko.

- Per Lerøy (Ap) sa at det er mest logisk at grensene vert lagt der det er planta hekk med meir.
- Morten Sognnes (H) spurte om det gjev presedens å gje vekk grunn, jurist Christopher Straumøy sa at det absolutt kan gje presedens for andre eigedommar. Det som har skjedd her liknad det som ofte skjer, bruken av arealet utviklar seg over tid, men når ein har reguleringsplan på plass og det er krav til trafikktryggleik så går det ikkje opp.
- Per Lerøy (Ap) sa at det ikkje nødvendigvis er slik at ein seier ja til grensejustering alle stader, sjølv om det vert sagt ja ein plass. Skal gjerast sjølvstendige vurderingar alle stader. Ta synfaring, og diskutera seg fram til gode konklusjonar.
- Morten Sognnes spurte om det er mogleg å gjera dette på andre måtar, ved å berre la det vera som i dag.
- Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) fremja eige framlegg til vedtak: Formannskapet ber kommunedirektøren komma tilbake med ei sak der ein finn ei minneleg løysing for alle partar, der ein enten lar det vera som det er med dei grensene som ligg føre i dag og, der hele rekka med eigedommar er informert om at kommunen eig areal som dei disponerer. Eventuelt med ei grensejustering for alle eigedomane.
- Sakshandsamar Ronja Tvedt Nordanger sa at det også er krav til friskt i innkjøringa, og viste til det som ligg i løyve til riving av garasje.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte Dyrkolbotn sitt framlegg til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 32/2026 Klage på løyve til riving av garasje og oppføring av ny garasje på gbnr. 131/118 - Fonnes
Formannskapet - 23.04.2026

Formannskapet ber kommunedirektøren komma tilbake med ei sak der ein finn ei minneleg løysing for alle partar, der ein enten lar det vera som det er med dei grensene som ligg føre i dag og, der hele rekka med eigedommar er informert om at kommunen eig areal som dei disponerer. Eventuelt med ei grensejustering for alle eigedomane.

PS 33/2026 Dispensasjon for oppføring av basestasjon for mobile kommunikasjonstenestar på gbnr. 161/12 - Øksnes

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommune gjev på vilkår dispensasjon frå LNF-område (kommuneplanen sin arealdel) og frå 100 metersbeltet i strandsona/sjø for oppføring av omsøkte basestasjon for mobile kommunikasjonstenestar på gbnr. 161/12 på Bjørnøya på Øksnes.

1. Det må søkjast om formelt byggjeløyve om dispensasjon vert endeleg godkjent.
2. Telemasta må meldast inn som luftfartshinder til NRL (Nasjonalt register over luftfartshindre).

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 29-4, § 19-2, jf. § 11-6 og § 1-8, samt naturmangfaldlova §§ 8-12.

Saka vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland for klagevurdering.

Sak 33/2026 Dispensasjon for oppføring av basestasjon for mobile kommunikasjonstenestar på gbnr. 161/12 - Øksnes
Formannskapet - 23.04.2026

Handsaming:

Sakshandsamar Ronja Tvedt Nordanger gjorde greie for saka, jamfør saksframlegget.

Dette er ei sak som har vore oppe tidlegare, og det er gitt dispensasjon, men den hadde gått ut på tid.

Per Lerøy (Ap) viste til at dette vert eit bra tiltak for å auka dekninga, men kjem diverre kanskje ikkje til å dekkja ferjekaiaen.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 33/2026 Dispensasjon for oppføring av basestasjon for mobile kommunikasjonstenester på gbnr. 161/12 - Øksnes
Formannskapet - 23.04.2026

Austrheim kommune gjev på vilkår dispensasjon frå LNF-område (kommuneplanen sin arealdel) og frå 100 metersbeltet i strandsona/sjø for oppføring av omsøkte basestasjon for mobile kommunikasjonstenester på gbnr. 161/12 på Bjørnøya på Øksnes.

1. Det må søkjast om formelt byggjeløyve om dispensasjon vert endeleg godkjent.
2. Telemasta må meldast inn som luftfartshinder til NRL (Nasjonalt register over luftfartshindre).

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 29-4, § 19-2, jf. § 11-6 og § 1-8, samt naturmangfaldlova §§ 8-12.

Saka vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland for klagevurdering.